



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 98

(2001-2002)

Om lov om endring av lov om offentlig støtte (nye prosedyrereglar)

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 14. juni
2002, godkjend i statsråd same dagen. (Regjeringa Bondevik
II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I proposisjonen fremjar Nærings- og handelsdepartementet (departementet) forslag til lov om endring av lov om offentlig støtte av 27. november 1992 nr. 117 (lov om offentlig stønad). Forslaget gjennomfører nødvendige lovendringar som følgje av at nye prosedyrereglar i saker om offentlig stønad er tekne inn som vedlegg til Overvakings- og domstolsavtalen (ODA) protokoll 3. I tillegg foretas det i protokoll 26 i EØS-avtalen om avgjerdsrett og oppgåve for overvakingsorganet i EFTA i samband med statsstøtte ei hemnvisning til forordninga.

Lov om offentlig stønad med tilhøyrande forskrifter gjev først og fremst departementet visse middel til å handheve reglar om offentlig stønad i internasjonale avtalar, her medrekna eit pålegg til norske stønadsytarar om å melde planlagde stønadstiltak til departementet. Forslaga til endringar i lov om offentlig stønad tek for det første sikte på å gje heimel for innføring av ein særskild foreldingsfrist for tilbakebetalingskrav i stønadssaker. For det andre er det med forslag til ein ny regel om kontrollbesøk hos stønadsmottakar. Dette er ei ny kontrollordning samanlikna med gjeldande rett, men tilsvarer det som alt finst på konkurranseretten sitt område. I tillegg har departementet sett behov for å presisere ordlyden i regelen om tilbakebetaling av stønad.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Forordning (EF) nr. 659/1999 - «Prosedyreforordninga»

Forordning (EF) nr. 659/1999 av 22. mars 1999 (prosedyreforordninga) fastset nærmare reglar for praktisering av artikkel 93 (noverande art. 88) i EF-traktaten på området som gjeld statsstønad. Forslaget gjennomfører som nemnt nødvendige lovendringar som følgje av at nye prosedyrereglar i saker om offentlig stønad er tekne inn som vedlegg til Overvakings- og domstolsavtalen (ODA) protokoll 3. Prosedyreforordninga blei innlemma i EØS-avtalen gjennom EØS-komiteen si avgjerd nr. 164/2001 av 11. desember 2001 om endring av protokoll 26 i EØS-avtalen om avgjerdsrett og oppgåve for EFTAs overvakingsorgan i samband med statsstønad. Det foretas her ei hemnvisning til rådsforordninga. Ettersom gjennomføring av forordningen i norsk rett krev lovendringer, vart det tatt forbehold om Stortingets samtykke til EØS-komiteens avgjerd, jf. Grunnloven § 26.

Prosedyreforordninga gjeld - med tilpassa tekst - den retten og plikta overvakingsorganet innanfor EFTA har til kontinuerleg å granske stønadsordningane hos medlemslanda. Artikkel 62(b) i EØS-avtalen fastset at det er overvakingsorganet innanfor EFTA som skal føre tilsyn med statsstønadsordningane i EFTA-landa. Overvakingsorganet i EFTA har derfor fått same kompetanse som Kommisjonen har til å undersøkje stønadsordningar etter EF-traktaten artikkel 88, jf. EØS-avtalen protokoll 26, samanhalde med ODA artikkel 24 og protokoll 3, som i hovudsak tilsvare artikkel 88 i EF-traktaten.

Formålet med dei nye prosedyrereglane er å få klarare og meir effektive reglar for bruken og handhevinga av reglane om offentlig stønad, og dessutan gjere heile området for offentlig stønad meir ope for innsyn og betre rettstrygda for partane.

Regelverket inneheld ei presisering av kompetansen til EFTAs overvakingsorgan og detaljerte prosedyrereglar. Prosedyrereglane speglar i stor grad av gjeldande praksis frå overvakingsorgana, EF-domstolen og EFTA-domstolen. Regelverket byggjer på reglar som tidlegare har lege føre som ikkje-bindande retningslinjer vedtekne av EFTAs overvakingsorgan og Kommisjonen, men no med ein betre lovstruktur. Ei markant utviding av avgjerdsmakta hos overvakingsorganet ligg likevel i vedtektene om overvakings/kontroll der det blir lagt opp til å gjere kontrollen av stønad meir effektiv. Her blir det opna for at EFTAs overvakingsorgan kan gjennomføre kontrollbesøk hos stønadmottakarar.

2.2 Gjennomføring av forordninga

Forordninga skal gjennomførast i norsk rett ved at det gis ei ny forskrift om gjennomføring av dei reglane EØS-avtalen har om offentlig stønad av 4. desember 1992 (forskrifta) gjeven med heimel i lov om offentlig stønad. Både lov om offentlig stønad og forskrifta inneheld visse prosedyrereglar i dag. Nokre av forskriftsreglane må likevel skiftast ut eller endrast. Forskriftsheim-

lar som gjeld i dag, er ikkje utfyllande nok til å heimle alle reglane i det nye prosedyreregelverket. Dette gjeld reglane om foreldingsfrist og kontrollbesøk overfor stønadsmottakarar. Det er derfor også behov for endringar i lov om offentlig stønad.

2.3 Særleg om behovet for klarare heimel for tilbakebetaling

Departementet har etter 10 års erfaring med EØS-avtalen og Lov om offentlig stønad sett behov for å presisere ordlyden i stønadsloven § 3 om tilbakebetaling av stønad. Det er stilt spørsmål ved om regelen dekkjer fullt ut dei EØS-pliktene han er meint å dekkje. Departementet har derfor funne det rett å føreslå ei endring av denne regelen samstundes med at det blir gjort lovendringar i samband med prosedyreforordninga.

2.4 Høyring

Prosedyreforordninga har vore handsama i EØS-spesialutvalet for offentlig stønad. Noreg har kome med merknader til overvakingsorganet i EFTA og til EFTA-sekretariatet på fleire stadium i prosessen.

Eit høyringsutkast til denne Ot. prp. vart sendt på høyring til alle departementa samt HSH, LO og NHO. I tillegg har Konkurransetilsynet og Regjeringsadvokaten hatt utkastet på høyring.

Dei fleste høyringsinstansane hadde ingen merknadar til lovutkastet. Justis- og politidepartementet, Arbeids- og administrasjonsdepartementet og Konkurransetilsynet hadde nokre merknader til utforminga av reglane om kontroll på staden. Disse merknadane har blitt tatt omsyn til og er innarbeida i den endelige odelstingsproposisjonen.

3 Særskild foreldingsfrist i saker om offentlig stønad

Prosedyreforordninga innfører ein 10 års foreldingsfrist for å krevje tilbake stønad. Dette inneber at EFTAs overvakingsorgan og Kommisjonen må gå til formelle skritt innan 10 år etter at stønaden er tildelt, elles vil saka bli sett på som eksisterande stønad.

Krav om tilbakeføring av offentlig stønad vil normalt falle inn under det generelle verkeområdet for lov om forelding av krav (foreldingsloven) av 18. mai 1979 nr. 18. Den allmenne foreldingsfristen for pengekrav er 3 år, jf. foreldingsloven § 2. Reglane i foreldingsloven kan fråvikast ved føresegn i lov. Loven inneheld sjølv fleire unntak frå hovudregelen, jf. §§ 4 til 9. Dei aktuelle krava om tilbakeføring etter stønadsreglane blir likevel ikkje dekte av nokon av unntaka. Dette inneber at desse pengekrava må haldast utanfor den generelle foreldingsfristen i særskild lovregel. Slikt unnatak må og gjerast i høve til krav om tilbakebetaling som fell under andre alminnelege foreldingsreglar med ein foreldingsfrist på mindre enn 10 år. Slike foreldingsreglar finn ein til dømes i skattebetalingsloven.

Departementet legg til grunn at den særskilde foreldingsfristen bør regulerast i forskrift med heimel i Lov om offentlig stønad. Lovheimelen må på ein tydlig vis gje høve til å gje reglar som vik av frå foreldingsloven. Dette er også i samsvar med den vurderinga Justisdepartementet har gjeve i spørsmålet.

Departementet føreslår derfor at det blir teke inn ein regel i Lov om offentlig stønad § 3 (ny § 5) som gjev heimel for *Kongen* til å vike unna reglane i foreldingsloven innanfor verkeområdet til stønadsloven.

Konsekvensane av dette forslaget er at bedrifter kan bli kravde for midlar som vart utbetalte etter måten langt tilbake i tid. Dette kan i enkelte tilfelle dreie seg om store summar dersom stønadsreglane er praktiserte feil over lengre tid. Til no har det vore få saker med krav om tilbakebetaling i Noreg. Eit døme er likevel illustrerande for kor omfattande dette kan vere, nemleg Arcus-saka av 3. desember 1998. Her vart det tilbakebetalt 200 millionar kroner av ein samla statsstønad på 424 millionar kroner som følgje av dei avgjerdene overvakingsorganet i EFTA gjorde i saka. Med denne utvidinga av tilbakesøkingstida i norsk rett blir det både for offentlege styresmakter og stønadsmottakarane dess viktigare å klarere eventuelle stønadstiltak med departementet og overvakingsorganet i EFTA før tiltaket blir sett i verk.

4 Kontroll gjennomført av overvakingsorganet i EFTA

I medhald av dei internasjonale avtalepliktene våre, har overvakingsorganet i EFTA rett til å gjennomføre kontrollar på staden når overvakingsorganet er i alvorleg tvil om kor vidt vedtak av overvakingsorganet når det gjeld individuell stønad, blir etterfølgde. Denne regelen er ny i forhold til eksisterande prosedyrereglar for statsstønad.

I norsk rett er likevel reglar om kontroll på staden ingen nyskaping. Reglane om kontroll på staden er i grove trekk den same som reglane om kontroll på staden på konkurranserettens område.

Formålet med kontrollane er å undersøkje om føretak har motteke statsstønad som er forboden etter EØS-avtalen art. 61(1) og/eller om føresetnaden for godkjenning av stønad har vorte oppfylt. Ein reknar med at det berre unntaksvis vil vere behov for å bruke denne regelen i praksis. Departementet har av omsyn til legalitetsprinsippet funne at dei reglane som er nemnde ovanfor, bør takast inn i sjølve loven.

Ved kontroll av om det aktuelle vedtaket er overhalde, skal representantar frå overvakingsorganet i EFTA, ha tenestemakt til å krevje tilgjenge til eigedom som tilhøyrrer det aktuelle føretaket. Representantane frå overvakingsorganet kan også kontrollere bøker og andre forretningsdokument. Overvakingsorganet har i denne samanhengen rett til å stille eigne spørsmål til representantane for føretaka.

Før sjølve kontrollen blir gjennomført, skal overvakingsorganet ta kontakt med nasjonale styresmakter. Det nye regelverket gjev nasjonale styresmakter høve til å leggje fram sine merknader overfor overvakingsorganet på førehand. Forordninga har derfor som føresetnad at det blir peikt ut eit nasjonalt kontaktpunkt for EFTAs overvakingsorgan i samband med kontrollar på staden.

Det blir lagt fram forslag om at Nærings- og handelsdepartementet (departementet) blir peikt ut som kontaktpunkt. Departementet har gjennom lov om offentlig stønad og forskrifta det overordna ansvaret i forvaltninga for notifikasjon og rapportering til EFTAs overvakingsorgan av offentlig stønad til næringslivet i Noreg.

Norske styresmakter er pliktige til å førehandsmelde til EFTAs overvakingsorgan om nye stønadstiltak og om endringar i eksisterande tiltak. Departementet har derfor i ei rekke saker kontakt med overvakingsorganet i fasen før det eventuelt blir reist ei klagesak. I tillegg har departementet eit koordineringsansvar dersom overvakingsorganet reiser klagesak mot norske styresmakter for brot på reglane om offentlig stønad i EØS-avtalen.

Nasjonale styresmakter får også rett til å vere til stades når overvakingsorganet er på kontrollbesøk. Nasjonale styresmakter har likevel ikkje rett til sjølve å utføre kontrollbesøk.

Av de same årsakene som nemnt ovanfor fremmast det forslag om å gje departementet rett å vere til stades under kontrollane. Gjennom å ha det overordna ansvaret i forvaltninga for notifikasjon og rapportering til EFTAs over-

vakingsorgan av offentlig stønad til næringslivet i Noreg, vil departementet normalt kjenne saka godt før overvakingsorganet vedtek å gjennomføre bedriftskontroll på staden. Departementet vil både ha føresetnader for å kunne følgje med under sjølve undersøkingane og til å seie om det ligg føre veikskapar ved rapporten om bedriftsbesøket frå overvakingsorganet. Ein slik rapport er dei pliktige til å arbeide ut i medhald av art. 22(5) i prosedyreforordninga.

Det foreslåas at departementet gis høve til å peike ut nasjonale ekspertar som tek del i dei undersøkingane overvakingsorganet gjer på staden. Det kan her vere tenleg at det departementet som er ansvarleg for den aktuelle stønadsordninga, er til stades under granskingane overvakingsorganet gjer på staden.

Prosedyreforordninga forutset at nasjonale styresmakter yte representantane og dei sakkunnige med fullmakt frå overvakingsorganet den hjelpa som er nødvendig for at dei skal kunne utføre oppdraget sitt. Det blir derfor i § 4 i utkastet også lagt fram forslag om at Konkurransetilsynet skal ha plikt til å gå til forhøyringsretten med krav om bevissikring på vegne av overvakingsorganet, og om nødvendig krevje hjelp av politiet for å setje i verk kontrollar på staden.

Bakgrunnen for forslaget om at løyve til bevissikring alltid skal leggast fram for forhøyringsretten på førehand, er at stønadsmottakar i motsett fall vil kunne hindre overvakingsorganet i å utføre ein kontroll på staden.

Etter departementet si oppfatning er det Konkurransetilsynet som er best eigna til å ta seg av denne oppgåva. Lov om konkurranse i næringsverksemd (konkurranseloven)¹⁾ § 2-2 bokstav e fastset at konkurransestyresmaktene etter pålegg skal hjelpe andre styresmakter med å kontrollere at andre reglar der brot kan ha uheldige verknader for marknads- og konkurransevilkår, blir etterlevde. Og Konkurransetilsynet har etter § 6-2 andre og tredje ledd erfaring med å hjelpe overvakingsorganet med tilsvarende oppgåver på konkurranserettens område.

Det er likevel ein føresetnad at det blir etablert gode informasjonsrutinar mellom departementet og Konkurransetilsynet i samband med kontrollar på staden. Ved implementeringa av prosedyreforordninga får departementet og Konkurransetilsynet nye oppgåver knytte til det å hjelpe overvakingsorganet i EFTA ved kontrollar på staden i Noreg.

Det kan oppstå noe utgifter i samband med den nye regelen om kontroll på staden hos stønadsmottakar. Ettersom ein kan rekne med at kontroll på staden berre unntaksvis vil bli praksis, reknar departementet med at dei økonomiske og administrative konsekvensane av regelverket vil bli heller små.

¹⁾ Lov av 11. juni nr. 65 1993.

5 Tilbakebetaling av utbetalt stønad

EØS-avtalen pålegg medlemslanda å ha ein heimel for tilbakebetaling av stønad som er omfatta av artikkel 61 i EØS-avtalen. Med bakgrunn i denne plikta gjev Lov om offentlig stønad § 3 departementet heimel til å krevje tilbake utbetalt stønad. Dette gjeld stønad som ikkje er godkjend på førehand av overvåkingsorganet i EFTA eller som elles er i strid med EØS-avtalen artikkel 61 eller andre internasjonale avtalar som er nemnde i § 1 i loven (verkeområdet for loven).

Departementet har erfart at det i nokre saker er stilt spørsmål ved om heimelen faktisk dekkjer alle tilfelle av stønad som fell inn under verkeområdet for loven. Problemstillinga oppstår særleg i tilfelle der stønaden er ytt indirekte, til dømes i form av garantiar eller skatte- og avgiftslettar. Slik stønad fell i prinsippet inn under artikkel 61 i EØS-avtalen og til ein viss grad under andre internasjonale avtalar som er nemnde i § 1 i stønadsloven. Dette er slått fast i praksisen frå EFTA-domstolen, EF-domstolen og overvåkingsorgana.

I loven blir ordlyden «utbetalt stønad» og «tilbakebetaling» brukt. Denne ordlyden passar etter vanleg norsk språkbruk dårleg i tilfelle der stønaden er ytt indirekte og ikkje «utbetalt» etter vanleg bruk av ordet. Det er ofte meir naturleg å sjå på indirekte stønad som tilståing eller tildeling av ein økonomisk fordel. Forarbeida til stønadsloven gjer også omgrepet offentlig stønad noko uklart, jf. Ot. prp. nr. 73 (1991-1992) side 27-29.

Både loven og forarbeida inneheld likevel direkte tilvising til EØS-avtalen artikkel 61, og det er klart at det er stønadsomgrepet i denne regelen og i dei andre avtalane som er nemnde i § 1, som er avgjerande for det verkeområdet loven gjeld for. Dessutan viser § 3 til at heimelen gjeld for stønad som er meldepliktig etter EØS-avtalen, og stønad som overvåkingsorganet i EFTA finn å vere «i strid med reglane i EØS-avtalen om offentlig stønad». Dette taler for at all stønad som fell inn under reglane i EØS-avtalen om offentlig stønad, her medrekna indirekte stønad, kan vere gjenstand for fullmaktstiltak etter § 3. Tilvisinga til dei internasjonale avtalane som ligg til grunn for loven, må etter vår vurdering tilleggjast stor vekt, medan dei norske forarbeida berre bør ha avgrensa vekt ved tolking av norske lovar som gjennomfører EØS-plikter.

Etter departementet si vurdering omfattar derfor heimelen i dag slik indirekte stønad. Departementet ser det likevel slik at det på grunn av ordlyden råder unødvendig tvil rundt tolkinga av verkeområdet for § 3 i stønadsloven, og om dette er samanfallande med verkeområdet for loven ut frå § 1. Departementet føreslår derfor at ordlyden blir presisert på dette punktet, slik at det går klarare fram at indirekte stønad kan vere gjenstand for krav om tilbakebetaling.

Departementet har derimot ikkje funne det tenleg å presisere nærmare kva for ein stønad som fell inn under loven, da stønadsomgrepet i EØS-avtalen er eit dynamisk omgrep som ikkje er eigna for ein statisk definisjon i norsk lov.

Det vil etter departementet si vurdering ikkje vere økonomiske og administrative konsekvensar av den presiseringa det blir gjort framlegg om, da rett-

stilstanden i dag ikkje blir endra. Når det gjeld verknaden av reglane om tilbakeføring av tildelt stønad, viser ein elles til kapittel 3 ovanfor.

6 Merknader til dei enkelte reglane i lov om offentlig stønad

Til § 1 tredje ledd

Bestemmelsen gjev Kongen heimel til å gje forskrifter om gjennomføring av reglane om offentlig stønad, herunder ny forskrift om gjennomføring av alle reglane i det nye prosedyreregelverket. Sjå og merknadene i kapittel 2.2.

Til § 3:

Denne bestemmelsen gjennomfører forordninga i artikkel 22. Etter forslaget kan EFTAs overvaksingsorgan krevje tilgang til eigedom som tilhører det aktuelle føretaket, be om munnlege forklaringar på staden, kontrollere bøker og andre forretningspapir samt ta eller be om kopier. I tillegg kan overvaksingsorganet krevje munnlege forklaringar på staden.

Overvaksingsorganet i EFTA kan etter første ledd gjennomføre kontrollbesøk hos stønadsmottakar når overvaksingsorganet er i alvorleg tvil om kor vidt vedtak med omsyn til individuell støtte etterkommes. Regelen gjev det aktuelle føretaket ei korresponderande plikt til å gje opplysningar til overvaksingsorganet i samband med kontrollbesøk.

Omgrepet «alvorleg tvil» er ikkje nærmare definert i forordninga. Det må vere overlate til overvaksingsorganet sitt skjønn å vurdere om det ligg føre alvorleg tvil i det enkelte tilfellet. Det går fram av andre ledd at ved kontroll av om det aktuelle vedtaket er overhalde, skal representantar frå EFTAs overvaksingsorgan, som har fullmakt, ha rett til å få tilgang til alle eigedom som tilhøy- rer det aktuelle føretaket. Representantane for overvaksingsorganet kan også kontrollere bøker og andre forretningspapir, under dette også datafiler. I tillegg kan dei ta eller be om kopiar av eller utdrag frå bøker og forretningsdokument. Overvaksingsorganet har i denne samanhengen rett til å stille eigne spørsmål til representantane for føretaket. Regelen pålegg også som nemnt stønadsmottakar ei korresponderande plikt til å gje opplysningar.

Departementet vil etter tredje leddet vere sikra høve til å vere til stades under kontrollbesøk så langt reglane i EØS-avtalen gjev dei rett til dette. Det departementet som er ansvarleg for den aktuelle stønadsordninga, kan i denne samanhengen få høve til å vere til stades under dei undersøkingane overvaksingsorganet gjer på staden. Departementet kan også peike ut andre til å ta del i dei undersøkingane overvaksingsorganet gjer på staden.

Departementet kan vere til stades innanfor «dei rammene EØS-avtalen set». Sjølv kontrollen skal utførast av overvaksingsorganet i EFTA. Sjølv om departementet også får rett til å vere til stades når overvaksingsorganet er på kontrollbesøk får departementet ikkje rett til å delta i sjølv kontrollen.

Overvaksingsorganet skal i god tid varsle nasjonale styresmakter skriftleg om kontrollen og om identiteten til dei representantane og dei sakkunnige som har fått fullmakt til å gjennomføre kontrollen. Dersom nasjonale styresmakter har ei grunngjeven innvending mot dei sakkunnige som overvaksings-

organet har valt, skal dei sakkunnige nemnast opp etter avtale med nasjonale styresmakter.

Representantane for overvakingsorganet og dei sakkunnige skal ved framkomsten også leggje fram ei skriftleg fullmakt utforma av EFTAs overvakingsorgan som viser til gjenstanden og formålet med kontrollen. Vidare skal overvakingsorganet også gje nasjonale styresmakter ein kopi av rapportar som blir utarbeidde på bakgrunn av kontrollen.

Til § 4:

Departementet legg også fram forslag om bevissikring i saker om kontrollbesøk overfor stønadsmottakar. Krav om løyve til bevissikring *skal*/leggjast fram for forhøyr retten på førehand. Bakgrunnen for dette er at stønadsmottakar i motsett fall vil kunne hindre overvakingsorganet i å utføre ein kontroll på staden.

Det eksisterer langt på veg tilsvarende reglar i konkurranselova § 6-2, og EØS-Konkurranselova § 3 gir Konkurranselova § 6-2 tilsvarende anvendelse. Sjølv om § 6-2 ikkje gjeld direkte i saker om offentlig stønad er formuleringane i forslaget § 4 ein kopi av § 6-2 1. ledd 2-5 punktum, 2. ledd siste punktum og 3. ledd.

I medhald av straffeprosessloven § 200 skal tingrettens beslutning leses opp eller førevisas før bevissikringsbegjæringa setjast i verk. Forvaltningslova § 15 fyrste ledd krev også at formålet med bevissikringa skal meddelast før bevissikringa startar. Kravet blir lagt fram for tingretten på den staden der det mest praktisk kan skje. Det blir gjort framlegg om at forhøyr retten skal treffe si avgjerd utan at den som avgjerda gjeld, får høve til å uttale seg, og at han ikkje skal få melding om avgjerda før bevissikringa blir sett i verk.

Utgangspunktet etter andre leddet er at overvakingsorganet i EFTA skal setje i verk bevissikringa på eiga hand. Konkurransetilsynet kan likevel krevje hjelp av politiet dersom stønadsmottakar set seg imot undersøkingane frå overvakingsorganet. Men hjelp frå politiet er berre tenkt til den situasjonen der dei som er gjenstand for ein kontroll, prøver å hindre den praktiske gjennomføringa av avgjerda i retten.

Til § 5:

Regelen avløyser noverande § 3. Formålet med endringa er å gjere det klart at all stønad som fell inn under verkeområdet for loven, her medrekna indirekte stønad, også kan vere gjenstand for krav om tilbakeføring etter § 4.

Dei engelske omgrepa som blir nytta i regelen om tilbakeføring i prosedyreforordninga, har omsetjingsalternativ som passar betre til stønad i form av indirekte fordelar enn dei norske omgrepa «utbetale» og «tilbakebetaling». Ein føreslår derfor ei presisering av heimelen ved å endre desse omgrepa. Omgrepet «utbetalt» blir skifta ut med omgrepet «tildelt», som i denne samanhengen dekkjer det engelske omgrepet «award». «Tilbakebetaling» blir skifta ut med «tilbakeføring». Prosedyreforordninga nyttar her omgrepet «recovery» i den engelske versjonen.

Regelen i tredje ledd andre punktum er ny og gjev heimel for å fråvike alminnelege lovreglar om forelding i saker som fell inn under lov om offentlig

stønad. Slike alminnelege foreldingsreglar finst til dømes i foreldingsloven og skattebetalingsloven. Reglane i forordninga må etter EØS-avtalen artikkel 7 gjennomførast ord for ord. Dette inneber at regelen som overvakingsorganet i EFTA har om ein tidsfrist på 10 år i stønadssaker, heilt ut vil bli teken inn i forskrifta om offentlig stønad.

Nærings- og handelsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring av lov om offentlig støtte (nye prosedyrereglar).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring av lov om offentlig støtte (nye prosedyrereglar) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endring av lov om offentlig støtte (nye prosedyrereglar)

I

I lov 27. november 1992 nr. 117 om offentlig støtte blir det gjort desse endringane:

§ 1 tredje ledd skal lyde:

Kongen kan gi forskrifter til gjennomføring og håndheving av denne lov, reglene om offentlig støtte i EØS-avtalen og avtalen mellom EFTA-statene om opprettelse av et overvåkningsorgan og en domstol og andre internasjonale avtaler som Norge er tilsluttet.

§ 3 skal lyde:

§ 3 Kontroll og bevissikring

Dersom EFTAs overvåkningsorgan er i alvorlig tvil om hvorvidt vedtak truffet av EFTAs overvåkningsorgan med hensyn til individuell støtte etterkommes, skal norske myndigheter, etter å ha hatt anledning til å framlegge sine merknader, tillate EFTAs overvåkningsorgan å foreta kontroller på stedet.

Overvåkningsorganet kan kreve adgang til eiendom som tilhører det aktuelle foretaket, be om muntlige forklaringer på stedet, kontrollere bøker og andre forretningspapirer samt ta eller be om kopier.

Departementet kan innen de rammer som følger av EØS-avtalen, være til stede ved slik kontroll, og peke ut nasjonale eksperter som deltar ved overvåkningsorganets undersøkelser på stedet.

§ 4 skal lyde:

§ 4 Beslutning om bevissikring

Kontroll etter § 3 kan bare foretas hvis retten har truffet beslutning om adgang til bevissikring. Begjæring om slik beslutning fremsettes av Konkurransetilsynet for tingretten på det sted hvor det mest praktisk kan skje. Beslutningen treffes uten at den som avgjørelsen rammer, gis adgang til å uttale seg, og uten at den blir meddelt ham før bevissikringen settes i verk. Kjæremål over beslutningen har ikke oppsettende virkning. Straffeprosessloven §§ 200, 201 første ledd, §§ 117-120 jf. §§ 204, 207, 208, 209, 213 og kap. 26 gis tilsvarende anvendelse.

Konkurransetilsynet kan kreve at politiet bistår EFTAs overvåkningsorgan med å iverksette beslutning om bevissikring.

Kongen kan fastsette nærmere regler for bevissikring og behandling av over-skuddsinformasjon.

§ 5 skal lyde:

§ 5 Tilbakeføring av tildelt støtte

Dersom meldepliktig støtte i henhold til EØS-avtalens artikkel 61 er tildelt før EFTAs overvåkningsorgan har godkjent meldingen, eller EFTAs overvåkningsorgan finner at støtten er i strid med EØS-avtalens regler om offentlig støtte, kan støtten kreves tilbakeført.

Tildelt støtte kan også kreves tilbakeført dersom departementet finner at støtten er i strid med andre internasjonale avtaler som nevnt i § 1, eller støtten ved en folkerettslig bindende avgjørelse for Norge er funnet å være i strid med avtalene.

Departementet kan bestemme at beløpet som skal føres tilbake, skal inkludere renter. Kongen kan gi nærmere regler om vilkårene for og gjennomføringen av slik tilbakeføring, herunder særregler om foreldelse.

Nåværende §§ 4 og 5 blir nye §§ 6 og 7.

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.